

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

UTSKRIFT AV MØTEBOK

BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

Onsdag 15. mai 2019

SAK 07/19 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2018, BYKLE KOMMUNE

Samrøystes vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bykle kommune sin rekneskap for 2018. Driftsrekneskapen syner kr 172 081 492 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 17 582 763. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen, revisjonsmelding og nummerert brev nr. 1 frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov. Ut over dette og det som kjem fram i revisor si melding og i nummerert brev nr. 1, har kontrollutvalet ingen merknader til Bykle kommune sin årsrekneskap for 2018.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Kjell Ivar Hommen

Sak 07/19 Kommunerekneskapen for 2018, Bykle kommune

Lover, forskrifter:

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992

Forskrift om årsrekneskap og årsmelding av 15. desember 2000, med endringar i 2004

Saksdokument som er lagt med saken:

Årsrekneskapen for 2018

Eierkommuner:

Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og Hornes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Mamardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:

Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Årsmeldinga for 2018
Revisjonsmelding, datert 16. april 2019
Nummerert brev nr. 1 frå revisor av 16.04.2019

Saksopplysningar:

Driftsrekneskapen viser kr 172 081 492 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 17 582 763.

Årsrekneskapen inneheld balanse per. 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentleg brukte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Årsrekneskapen er utarbeida etter dei formelle krav som stilles i kommuneloven med tilhøyrande rekneskapsføresegner i forskrift for årsrekneskap og årsmelding og god rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor har teke eit atterhald til sin konklusjon om budsjett:

Dei skriv:

«Utlån og forskutteringer i investeringsrekneskapen har hatt eit vesentleg mindreforbruk i forhold til regulert budsjett. Me syner til forklaring på side 30 i administrasjonen si årsmelding.

Mottatte avdrag på utlån og refusjonar i investeringsrekneskapen har hatt eit vesentleg meirforbruk i forhold til regulert budsjett. Me syner til forklaring på side 30 i administrasjonen si årsmelding.»

Nærare grunngjeving kjem fram i nummerert brev nr. 1 frå revisor.

Revisor vil vera til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan svare på moglege spørsmål i samband med rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bykle kommune sin rekneskap for 2018. Driftsrekneskapen syner kr 172 081 492 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 17 582 763. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå rådmannen og revisjonsmelding og nummerert brev nr. 1 frå Agder Kommunerevisjon IKS.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt rådmannen si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.

Ut over dette og det som kjem fram i revisor si melding og i nummerert brev nr. 1, har kontrollutvalet ingen merknader til Bykle kommune sin årsrekneskap for 2018.

Rett utskrift:


Kjell Ivar Hommen
Utvalssekretær

Til:

Bykle kommune

Kopi til:

Ordførar
Rådmann
Økonomisjef